



Reidar Andersen
Flaktveitvegen 525
5134 FLAKTVEIT

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/428 - 14/2371

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
12.03.2014

Utsleppsak Gbnr 17/68 Rossnes - utsleppsløyve - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 38/2014
Vedtak etter forureiningslova § 11, jf forureiningsforskrifta § 12-5

Saksutgreiing:

Adresse: Rossnesvegen 612

Tiltakshavar: Reidar Andersen

Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

Saksutgreiing:

Tiltak

Søknaden gjeld utsleppsløyve for gnr. 17 bnr. 16 og 68. Utsleppet si størrelse er ikkje opplyst, men det går fram av søknaden at utsleppet er knytt til ein fritidsbustad.

Det vert elles vist til søknad mottatt 17.01.2014.

Rettsleg grunnlag

Etter forureiningslova § 11 og forureiningsforskrifta § 12-3 kan ingen setja i verk utslepp eller auke eksisterande utslepp utan at det ligg føre søknad og løyve til utslepp etter forureiningsforskrifta § 12-5.

Søknad skal handsamast etter Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune godkjent av kommunestyret den 01.09.2010 med heimel i Lov om vern mot forurensningar og avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981 §9, jf. Forskrift om begrensning av forurensing (forureiningsforskrifta) av 1. juni 2004 § 12-6.

Planstatus

Tiltaket ligg innafør området som i reguleringsplan for Rossnes er definert som område for hytter. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen

Nabovarsel

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2.

Det har ikkje komen merknader til søknaden:

Reinsekrav

Eigedomen ligg i eit område der Radøy kommune godkjenner 4m³ slamavskiljar med tett leidning til sjø.

Plassering

Plassering og utsleppsstad skal visast i kart i målestokk 1:5000 eller større, jf forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d. Radøy kommune har ikkje motteke slikt kart, og set som vilkår for løyvet at det vert sendt inn kart før arbeida tek til.

Privatrettslege rettar

Anlegget skal plasserast på tiltakshavars eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyver

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at eigar inngår tømmeavtale med godkjent firma..

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafør ansvarsområdet ansvarleg søkjer, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter hamnelova av Bergen og Omland Havnevesen før arbeidet kan setjast i verk.

VURDERING:

Reinsekrav og plassering

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre i høve plassering og med krav til installering av 4 m³ slamavskiljar med utslepp i tett leidning til sjø.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 og Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune § 7 vert det gjeve UTSLEPPSLØYVE for 4m³ slamavskiljar på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert 4m³ slamavskiljar. Restutsleppet frå slamavskiljar skal førast i tett leidning til sjø som omsøkt. Før arbeida tek til skal det sendast inn kart som syner plassering og utsleppsstad. Avløpsanlegget skal utførast i samsvar med forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune.
2. Då anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av septikbil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til septikbil (ikkje overstig 8 meter).
3. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
4. Alt arbeid skal følgje føresegne gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
5. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget må det liggje føre stadfesting frå montør, tømmeavtale og koordinatar for plassering av anlegget.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Klage

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på innan tre veker frå mottaksdato, jf forvaltningslova § 29 og forureiningsforskrifta § 12-15. Sjå vedlagt orientering om klagerett.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b.

Gebyr

Med heimel i forureiningslova § 52 a og gebyrregulativ vedteke av kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 17.2.1 a	Utsleppsløyve < 15 pe	kr	4 300,00
SUM		kr	4 300,00

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje satt i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest, jf. lokal føresegn § 4.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Radøy kommune er forureiningsmyndigheit og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget dekkar kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. lokal føresegn § 14, forureiningslova kap. 7 og gebyrregulativ for Radøy kommune kap .17.3.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsmyndigheita oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om nødvendig kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. lokal føresegn § 14 og forureiningsforskrifta § 12-14.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/428

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere:

Reidar Andersen
Arki-Tech design

Flaktveitvegen 525 5134
Unnelandsvegen 5268
90

FLAKTVEIT
HAUKELAND